

**Arkiv:** <arkivID><jpID> FA-C00, FE-223  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 12.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.06.2021

## Tilskot til mindre investeringar på kulturbrygg og -anlegg 2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til mindre investeringar på kulturbrygg- og anlegg slik det kjem fram av saka.

### Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

#### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

#### OKK- 034/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til mindre investeringar på kulturbrygg- og anlegg slik det kjem fram av saka.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjeraast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

#### Bakgrunn

Alver kommunestyre vedtok i møte 19. desember 2019 retningsliner for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv, som omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrettsfeltet.

Den totale ramma for tilskot innan kultur- og idrett er 7 700 000 kr i 2021, inkludert avtalefesta tilskot og løpende ordningar. I 2020 var tilsvarende ramme kr 7 700 000

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga «tilskot til mindre investeringar på kulturbrygg og -anlegg», som hadde søknadsfrist 1.mars 2021.

Retningslinene seier at ordninga skal støtte mindre investeringar i kulturbrygg og vere med på å sikre eigna lokale for ulik kulturell verksemd i Alver. Tilskot kan gjevast til kulturbrygg, fleirbrukslokale, forsamlingslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som scenekunstlokale, øvingslokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til vedlikehald, ombygging og modernisering, men ikkje til drift. Det kan gjevast tilskot til mindre investeringar i og kjøp av utstyr og materiell

Det er sett av 244 250 kroner til fordeling i denne søknadsrunden. I 2020 vart det fordelt kr 330 000 til ordninga.

Saka har vore på høyring til Alver kulturråd.

#### Saksopplysninger:

Saka har vore til høyring hjå Alver kulturråd. Uttalen frå kulturrådet omtalar ikkje nokon av søknadene i denne saka. Høyringsuttalen ligg ved.

#### Innstilling

Søkjar	Totalbudsjett	Søknadssum	Innstilling	Vurdering av søknad
Flatøy bygdelag	360000	265000	20000	Flatøy Bygdelag vil oppgradere toalettrom, varme- og ventilasjonsanlegg og. Tiltaket er ei større investering og søker vert oppmoda til å dekke inn større eigendel.
Stiftinga Nordgardsløa  Ungdomslaget Framsteg	15000	5000	4500	Nordgardsløa på Frekhaug treng måling og slemming av murvegg. Midlane kan nyttast til vedlikehald.
	130000	40000	20000	Ungdomshuset treng utbetring i form av elektrisk anlegg/belysning og universelt utforma toalett. Midlane kan nyttast til ombygging og modernisering.
Samfunnshuset Haugatun	100000	80000	20000	Samfunnshuset Haugatun vil renovere kjellargang og teknisk rom med vatnrør. Midlane kan nyttast til vedlikehald, ombygging og modernisering.
Ungdomslaget Nybrot	100000	55000	20000	Ungdomslaget Nybrot vil legge laminatgolv på Ungdomshuset Dalheim. Den eksisterande parketten er nedslite og kan ikkje slipast fleire gonger.
Eikanger-Bjørsvik Musikklag	50000	50000	20000	Musikkhuset i Knarvik treng spesialinnreiing som lagerrom, hyller og skåp. Tilskot overstig 30% av totalkostnad grunna at Eikanger-Bjørsvik allereie har investert kring 1000 000 i oppgradering av lokala.
Lauvås Grendalag  Ungdomslaget Varden	30000	20000	20000	Lauvås Grendalag vil bytte gjerde rundt eigedomen. Tilskot overstig 30% av totalkostnad då det er vurdert som eit naudsynt tiltak for å sikre tryggleiken på staden.
	29000	25000	7000	Ungdomslaget Varden vil kjøpe inn utstyr som projektor og lerret til ulike arrangement på Vardetun. Det kan gjevest tilskot til mindre investeringar i og kjøp av utstyr og materiell. Kulturmidlar vil sjeldan overstige 30% av totalbudsjettet.
Meland musikklag	225000	205000	20000	Meland musikklag vil utbetre øvings- og arrangementslokale. Søkjar har fått innvilga 30 000 frå ei anna ordning, det fører til overskot slik dei har budsett i søknaden. I tillegg ventar dei svar frå VLK på 50 000. Tilskot overstig sjeldan 30% av totalkostnad.
Lindås indremisjon	40000	20000	7000	Lindås indremisjon vil fornye lydanlegg og kjøpe ny komfyr. Det kan gjevest tilskot til mindre investeringar i og kjøp av utstyr og materiell. Det føreligg ingen pristilbod eller spesifisert kostnad for investeringa. Søkar vert oppmoda til

				å auke eigendelen.
Stallens visevenner	70000	20000	0	Stallens Visevenner vil kjøpe ny dobbel stalldør. Innkjøp av wc, vask og legging av nedløp til septiktank. Objektet det vert søkt midlar til er i privat eige og ikkje registrert gjennom organisasjonen. Søknaden vert difor avslått.
Fumble Heads MC	350000	250000	0	Tilfredsstiller ikkje formelle krav til søknad. Det er krav om å legge ved godkjent rekneskap, årsmelding og budsjett. Søknaden har ingen vedlegg.
Ungdomslaget Varden	52500	42500	15750	Ungdomslaget Varden vil få fiber til Vardetun. Slik kan dei mellom anna fjernstyre varmen og slepp å bruke bilen til og frå for å styre dette. Eit godt miljøtiltak og oppgradering. Tiltaket hastar ikkje og laget vert oppmoda til å auke eigenandel. Kulturmidlar vil sjeldan overstige 30% av totalbudsjettet.
Hordabø Ungdomslag	30000	15000	0	Tilfredsstiller ikkje formelle krav til søknad. Det er krav om å legge ved godkjent rekneskap, årsmelding og budsjett. Søknaden har ingen vedlegg.
Sætre Grendahus SA	50000	50000	40000	Sætre Grendahus er av eldre årgang. Dei gamle vindauga lek og må bli bytta ut. Vindauga er kjøpt inn, men dei har ikkje midlar til å fullføre arbeidet grunna lite inntekter under pandemien. Tiltaket får difor tilskot på over 30% av totalkostnad oppgjeve i søknad for å forhindre større skade på bygget.
Vågenes bygdelag	116456	30000	20000	Vågenes Bygdelag held til i gamle Vågenes Bedehus. Der har dei hatt dårleg brønnvatn som dei ikkje har kunne nytta som drikkevatn. Bygdelaget vil få nytt borehol for å tilfredsstille krav til vatnkvaliteten.
Ungdomslaget Framsteg	247100	30000	10000	Framtun scene er konsertscena til Ungdomshuset Framtun. Ungdomslaget Framsteg søker om midlar til å investere i teknisk utstyr. Dei har fått innvilga arrangørstønad frå Kulturrådet til å drive konsertscenea. Det kan gjevast tilskot til mindre investeringar i kjøp av utstyr og materiell.
			244250	

**Vedlegg i saken:**

01.06.2021

Alver Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar 2021

1563891